

MINNESMERKE OVER OBERST HATLEDAL AVDUKA

Avdukinga av minnesmerket over oberst Rasmus Hatledal, generalstabssjef i Noreg 9. april 1940, ein laurdag i oktober i heimbygda, Markane i Stryn i Nordfjord, vart ei stilig og verdig høgtid. Det var ei minnestund over ein mann som synte mot i ein av dei mest kritiske hendingar i vårt land si historie. -Han tok ansvar for land og folk og sette seg opp mot ei handlingslamme regjering i dei dramatiske dagane fram mot 9. april. Namnet til generalstabssjef Hatledal står med gullskrift i vår soge, sa sjefen for Distriktskommando Vestlandet, generalmajor Alv Midttun m.a. da han føretok den høgtidelige avdukinga. - Det er på høg tid at denne heidersmannen får sitt rettmessige minnesmerke.

Andre unge menn frå bygda som har gjeve sitt liv for fedrelandet, vart hugsa med ei minneplate.

Tekst: Eivind Skjerven Foto: InFSa

Eit par hundre menneske - slektningar, sambygdningar, politikarar og offiserar, hadde møtt fram for å vera med på avdukinga av minnesmerket som er laga av teiknaren og kunstnaren, major Andreas Hauge.

Ei gruppe unge soldatar frå Nordfjord under kommando av sjefen for Sambandsregimentet, Jørdstadmoen, oberst Trygve Fure stod æresvakt ved monumentet under avdukinga.

Høgtida opna med at komponisten Arne Sølvberg framførde Kongeslåttan saman med Gunhild Sindre og Antonia Kareta Haugen Kongsvik, ordførar Inger Hoff ynskta velkomen på Stryn kommune sine vegne, og Inge Fænn, leiaren i minnesmerkenemnda, helste frå nemnda og sa seg glad for at minnesmerket er reist ved ungdomshuset og skulen i Markane, heimbygda til oberst Hatledal. I talen sin under avdukinga nemnde generalmajor Midttun dei hendingane som førde til at oberst Rasmus Hatledals namn vart skriven med gullskrift inn i Noregssoga. -Mykje er er blitt sagt og skrive om dei menn som som vi valde til



Generalmajor Alv Midttun gjer honnør etter at han hadde føreteke den høgtidelege avdukinga. Jenta med flagget er Else Marie Hatledal (5). Guten, Frode Kvalsund (11), yngste oldebarnet til oberst Hatledal, la ned blommar på minnesmerket. Elles ser vi soldaten Bjørnar Lødøen som saman med andre stod æresvakt.

å styra landet og som hadde ansvaret då overfallsmennene brått kom. Mange av dei har fått eit heller unemneleg ettermæle frå desse lagnadstunge dagane for landet vårt sjølv om det gjekk dei politisk vel seinare i livet, sa generalen, og heldt fram: - Oberst Hatledal var mannen som alt frå byrjinga av april 1940 og utan å få gjennomslag, bad om å få setja igang mobilisering. Og då mobiliseringa endeleg kom - etter at han på fyndig nordfjorddialekt hadde spurd om "om dei var blitt galne alle i hop", - førde det til stor aktivitet. No veit vi at oberst Hatledal på eige ansvar utvida mobiliseringsordren. Dette har i ettertid granskningskommissjonen frå 1945 gjeve han full anerkjening for. Og vi ser biletet av ein generalstabssjef som i djup fortvilning sette seg

ut over instruksen sin, alvorleg overtydd om at historia ville gje han rett, sa generalmajor Midttun milli om anna.

-Oberst Hatledal var eit fyrårn som lyste opp i dei mørke april dagane i 1940. Med djup pliktkjensle og fagleg dømmekraft stod han fast der andre svikta. Når vi idag, så lenge etter desse hendingane reiser dette minnesmerket over Rasmus Hatledal, så er det i djup vyrnad for den haldning han viste, klarsynet, eksemplet, kompromissløysa, at han stod oppreist og peika ut vegen då dei andra famla i mørket. Han laga fotefar som det er vel verdt å fylgja, sa generalen og avduka minnesmerket over oberst Rasmus Hatledal.